ÅRSMELDING for Bygdelaget SUNNHORDLENDINGEN 1978



B Y G D E L A G E T S U N N H O R D L E N D I N G E N

Bygdelaget Sunnhordlendingen vart skipa i 1919. I føremålsparagrafen står det at laget vårt skal:

a) Fremja kjennskap og vennskap mellom sunnhordlendingar som bur i eller ikring Bergen.

b) Arbeide for å spreie opplysning om den rike kultur- og sogetradisjonen i sunnhordlandsbygdene.

c) Vere til hjelp med råd og rettleiing for unge sunnhordlendingar som kjem til Bergen.

Sunnhordlendingen har lagsmøte annakvar torsdag. På desse møtene freistar me å få med både skjemt og alvor. Ofte har me vitjing av ein føredragshaldar, men me satsar og på at lagsmedlemene sjølve skal stå for aktivitetane. Ellers har folkedansen stor plass i lagsarbeidet og laget skipar regelmessig til kurs i ulike dansar.

Dei torsdagane det ikkje er lagsmøte har leikarringen øving. Der prøver me oss med både lette og vanskelege dansar, så det er ikkje keisamt for hverken nybyrjarar eller dei som er lengre komne.

I skodespelargruppa kan dei som har interesse for amatørteater få utfalda seg. Me brukar å vise stykka på tilskipingar laget har og det hender og me reiser omkring i sunnhordlandsbygdene med dei.

Så har me hytte på Kvamskogen, SUNNABU. Der er det plass til 30 stykke, og det er ikkje få helgar, både sumar og vinter, der er fullt hus og stor stemning.

Me har og eige lagsblad. Dette freistar me få ut føre kvar lagskveld. Her vert alle tilskipingane utlyste, fellesturar til hytta gjort kjende og medlemmene vert underretta om kva som elles skjer i laget. Lesarbrev og diskusjonar om lagsarbeid er og å finna i bladet.

Me har desse særlaga: Leikarring, Spellag, Skyttarlag, Hyttegjeng, Bladstyre og Gubbelag.

Bergens Tidende

heile

familiens

AVIS

ÅRSMELDING 1978

Året har gått utan storhendingar, og etter tradisjonell oppskrift med vanlege møter - 15 stk. og haustfest. Medlemstalet har minka frå 87 til 79. Det er ein trufast gjeng som går i laget. Naturleg fråfall av lemer har vorte lite oppvegen av nye lemer.

Lagskassen har vore botnskrapt. Eit litt større frammøte på lagsmøtene ville hjelpt monaleg. Åtte personar var med på å berga økonomien for dette året, laurdag 25/11 - ved å rydda på dugnad på nybygget til Haukeland Sykehus.

Me hadde to forsøk med barnemøter før lagsmøtet kl. 1800 med leik og song 25/5 og 21/9. Frammøtet vart ikkje så stort.

Også i vår deltok me i fotballturneringa med andre bygde- og bondeungsomslag med fest etterpå. I år hadde me ei trening føreåt og møtte opp manns- og kvinnesterke.

Elles har me i haust kome igong med førebuingar til jubileumsfeiring i mars 1979. Loddbøker sirkulerar og jubileumsskrift er i emning.

Til slutt: Takk til alle i laget for samarbeidet og ein takk for god hjelp frå vaktmeistarparet Bremnes.

Spelemenn har vore Helland, Eide og Bolstad.

Bygdelaget Sunnhordlendingen er tilslutta desse samskipnadene: Noregs Ungdomslag gjennom Hordaland Ungdomslag, Bygdelagsnemndi i Bergen, FN-sambandet, Vestlandske Teaterlag og Teatersentralen.

Margot Våge

Desse har vore med i styret:

Margot Våge (formann)
Jimmy Næs (nestformann)
John-Arne Slåke (styremedlem)
Geir Henning Matre (kassastyrar)
Harald Aarbakke (skrivar)
Kari Aarbakke (varamann)

LAGSBRUKI TIL BONDEUNGDOMSLAGET I BERGEN L/L

Hotel HORDAHEIMEN
C. Sundtsgt. 18
Telefon 23 23 20

PARADIS KAFFESTOVE
Sandbrekkveien 1
Paradis - Telefon 27 26 66

KAFFISTOVA
Torget 1
Telefon 21 22 10

LAGSHUSET FENSAL
Kong Oscarsgt. 15
Telefon 23 21 18

ADMINISTRASJONSKONTOR
Cort Pihlsmauet 7 - Telefon 23 10 67

STORD ELEKTRO A/S
AKERGRUPPEN

5410 SAGVÅG
Tlf.: (054) 14 102*

Telex: 42 479 steas n
Telegramadr.: Steas, Stord
Bankgiro: 8420.05.00619

MØTE - DANS - FEST

18.01. Lagsmøte i Fensal

Sunnhordlandskveld i lag med BUL i storsalen.

Dramagruppe frå BUL synte spelstykket "Georg, sit du godt?" av Einar Økland.

Vår egen Jimmy Næs var i elden med sjøllaga viser til gitarakkompagnement. Magnhild las dikt av Ingvard Moe og Samuel Arholm. Ho gjorde og freistnad på å formidla lærdom om "Strattane" frå Sunnhordland til tekst og melodi av Hjalmar Tvedt. Leiar: Ole Korsen & Magnhild Arholm.

M. A.

02.02. Lagsmøte i Fensal

Formann Magnhild las dikt og noveller. Ho leidde sjølv møtet. Mat, kaffi, leik og dans.

A. H.

23.02. Lagsmøte i Fensal

Åse Festervold song Bergens-viser og spelte tussefløyte. John Arne Slåke leidde møtet. Mat, kaffi, leik og dans.

A. H.

06.04. Lagsmøte i Fensal

Jimmy Næs song viser og spelte gitar til. Kaffiøkt med "nogot attåt". Dans til musikk av Helland/Eide. 23 frammøtte.

H. A.

20.04. Lagsmøte i Fensal

Vi fekk sjå film frå NU-steman på Gol sommaren 1977. Vitsekonkurranse. Utdeling av premiane for deltakinga i Sunnaburennet. Mat, kaffi og dans. Helland/Eide spela. 39 frammøtte. John Arne Slåke leia møtet.

H. A.

11.05. Lagsmøte i Fensal

Drivande program med Kleppevik/Mjølsnes. Vitsekonkurransen heldt fram, mat, kaffi og sjølvsagt dans - med spel av Helland/Eide. Godt frammøte - 51 stk. Møteleiarar var Margot og Jimmy.

H. A.

25.05. Lagsmøte i Fensal

Visesong og trekkspelmusikk med Sverre Ugletveit. Sketsj ved spellaget. Kåseri av Per Håland. Vitsekonkurranse med påfylgjande premieutdeling. Mat, kaffi og dans. 36 frammøtte. Møtet vart leia av Margot Våge. Musikk Steffen Eide.

H. A.

07.09. Lagsmøte i Fensal

Kåseri m/lysbilete frå Islandsturen i sommar v/ Anders Kåre Engevik. Mat, kaffi og dans. Musikk v/ Helland/Eide. 30 frammøtte.

M. V.

29.09. Lagsmøte i Fensal

Ljosbilete (m/musikk) frå turen til Lars Johan & Jimmy m.fl. til Tromsø sist sumar (NU-stemna). Sjølvkomponerte viser av Jimmy - Tromsøminne. Tussefløytelåt av Solveig. Mat & kaffi. Musikk ved Eide/Helland. 24 frammøtte.

H. A.

05.10. Lagsmøte i Fensal

Mat og kaffi. Konkurransar v/ Hans Heie. 20 frammøtte. J. Næs leia møtet. Musikk: Bolstad/Helland.

M. V.

19.10. Lagsmøte i Fensal

Diskusjon: I eller utanfor NU? Mat og kaffi. Musikk ved Eide/Helland. 20 frammøtte.

H. A.

21.10. Haustfest i Fensal

Triveleg fest. Fyllingsdalen husmororkester varta opp med Bergens-songar. Fest-tale ved Gunnar Aksnes. Dans til to-radar-orkester frå Haugsviki v/ Voss. Spellaget synte to sketsjar. Middag, kaffi og kaker. 80 festdeltakarar.

M. V.

02.11. Lagsmøte i Fensal

Rolf Sagen frå Norsk Forfattarsentrum las og snakka frå boka "Vestlandsdiktarar". Mat & kaffi. Margot leia møtet. 20 frammøtte. Musikk: Eide/Helland.

M. V.

16.11. Lagsmøte i Fensal

Program: Song og gitarspel v/ Randi Skeie og Ole Ekornes. Film frå Førøyane. Arvid Holm leia møtet. 20 frammøtte. Musikk: Eide/Helland.

M. V.

30.11. Lagsmøte i Fensal

Framhald av programmet på lagsmøte 21/9, turen attende frå NU-stemna i Tromsø, Noreg på langs. Ljosbilete og kommentarar v/ Lars Johan Lysen, musikk og visesong ved Jimmy Næs. Mat & kaffi. Dans til diskotek. J. Næs leia møtet. 27 frammøtte.

M. V.

14.12. Julemøte i Fensal

Graut med opptil fleire mandlar. Fana Ungdomslag stod for programmet. Julebrød med kaffi attåt. Eide/Helland stod for musikken. 30 frammøtte.

H. A.

REKNESKAP FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN FOR 1978

Resultatkonto pr. 31.12.78

Husleige	kr	3 082,00		
Mat og drikke	kr	1 362,13		
Musikk og underhaldning	kr	3 050,00		
Lysingar	kr	278,90		
Kontingent Hord. og Noregs U-lag	kr	3 901,00		
Lagsutgifter	kr	2 081,25		
Trykking av årsmelding	kr	123,80		
Trykking av Sunnanvind	kr	193,00		
Gåver/premiar	kr	267,50		
Diverse kontingentar	kr	310,00		
Underskot haustfest	kr	534,77		
Reisetilskot årsmøte i Hordal. U-lag	kr	150,00		
Kasse pr. 31.12.78	kr	710,23		
Bank pr. 31.12.78	kr	1 973,31		
Postgiro pr. 31.12.78	kr	3 467,15		
Inngongspengar			kr	4 845,00
Medlemspengar			kr	4 200,00
Loddsal			kr	779,50
Stønad frå Bergen kommune			kr	1 500,00
Lysingar i årsmeldinga			kr	1 050,00
Tinging av festskrift			kr	5 410,00
Overskot "Juleblot" på Sunnabu			kr	131,60
Renter			kr	93,86
Kasse pr. 01.01.78			kr	172,58
Bank pr. 01.01.78			kr	2 807,45
Postgiro pr. 01.01.78			kr	495,05
	kr	21 485,04	kr	21 485,04

Eiga pr. 31.12.78

Kontantar	kr	710,23
Bankinnskot	kr	1 973,31
Postgiro	kr	3 467,15
Lagsfond	kr	118,80
2 lutar i L/L Bygdehus	kr	2 000,00
Fane	kr	1 500,00
Målarstykke	kr	500,00
Varmeomn	kr	100,00
Skrivemaskin	kr	200,00
	kr	10 569,49

Geir Henning matre
kassastyrar

Bergen, 01.01.79

Merknad til regnskapet: Beløpet på konto for festskrift skal overførast til eige rekneskap for 60-års-gildet.

Kjell Matre
Sebjørn Frøkedal
ettersynsmenn

REKNESKAP FOR "SUNNABU"

Resultatkonto pr. 31.12.78

Brensel og straum	1 859,20	
Vedlikehald, drift m.m.	580,95	
Pokalar, renn/skyting	474,80	
Forsikring og avgift	608,00	
Nyinvestering	3 251,95	
Overnattingar, utleige		4 044,00
Straumautomaten		799,00
Renteinntekter		151,82
Andre inntekter		204,00
Underskot		1 576,08
	6 774,90	6 774,90

Balanse pr. 31.12.78

Hytta	38 000,00	
Kassa pr. 31.12.78	598,90	
Bank pr. 31.12.78	1 706,24	
Underskot drift	1 576,08	
Eigenkapital		38 000,00
Kassa pr. 01.01.78		226,80
Bank pr. 01.01.78		3 654,42
	41 881,22	41 881,22

Kristi Skår Holm
kassastyrar

REKNESKAP FOR LEIKARRINGEN

Resultatkonto pr. 31.12.78

Bank pr. 01.01.78	kr 4 914,52	
Inntekter fra kurs	kr 3 810,00	
Renter 1978	kr 241,64	
Instruksjon kurs		kr 990,00
Spilling kurs + leikarring		kr 2 100,00
Husleie kurs + leikarring		kr 3 620,00
Leikkurs Voss		kr 225,00
Annonser		kr 322,70
Blomster		kr 150,00
Rekvisita + diverse		kr 133,35
Bank pr. 31.12.78		kr 1 425,11
	kr 8 966,16	kr 8 966,16

17.01.79

Carsten Helgesen
kasserar

ÅRSMELDING FRÅ SÆRLAGA OG ANDRE TILTAK 1978

Leikarringen

Leikarringen har i 1978 hatt ca. 15 leikøvinger. Det begynte meget bra i vår med mye folk og stor innsats. Siste helgen i mai hadde vi avslutning på Utsikten hos Kari.

Noen brukte også sommerferien på stevnet i Tromsø.

Høsten begynte med bra frammøte, og store planer og framsyning på 60-års-gildet. Etterhvert dabbet det kraftig av, og da julen nærmet seg, var det lite folk igjen. Avslutning hadde vi hos Kristi og Arvid i Marikoven, Askøy.

Instruktør har vært Ingebrigt Flønæs og spillemann Olav Helland.

Carsten Helgesen var på leiklederkurs på Voss.

Vi arrangerte to nybegynnerkurs i gammeldans/folkedans, ett om våren og ett om høsten. Det første kurset fikk på grunn av sykdom hele tre instruktører: Synnøva Bongom, Gerd Akse og Ingebrigt. Spillemann var Erling Berstad. Kurset hadde 34 deltakere, men dette var ikke mer enn at det såvidt balanserte økonomisk.

Det andre kurset ble instruert av Berit Skeie (Ingebrigt første kvelden) og spillemann var Skauge. Her møtte bare 26 deltakere, noe som førte til et underskudd på kr 665. Underskuddet til tross ble kurset svært vellykket for dem som deltok.

På grunn av manglende overskudd på kursene, har økonomien til Leikarringen forverret seg i 1978, og uten bedre inntekter i 1979 vil ikke leikarringen kunne holde det gående alt for lenge.

I styret: Arvid Hom, formann
Carsten Helgesen, kasserer
Ottar Hunnes, kursansvarlig
Bente Wangen, P.R.

Sunnanvind

Lagsbladet har siste året kome med 14 nr. a 4 sider A-5-format. Stoffet har veksla mellom meldingar, referat, stemningsbilete, viser og lyrikk. Formennene i særlaga har vore frampå. Jimmy har med jamne mellomrom presentert visene sine. Men vi saknar framleis dei spontane lesarinnlegga.

Bladstyret har berre hatt eit redaksjonsmøte. Så vi får seia at avisa nærast har kome ut av gammal vane. Bente har stått for distribusjonen. Kristi har hjelpt oss med maskinskrivinga

og Liv har fungert som redasjonsbud. Fritidsseksjonen har hjelpt oss med prentinga i år og.

I bladstyret har desse vore med: Lars Olav Tveita, Bente Mikalsen, Matilde Torkelsen, Hans Heie og Kari Rødland.

L. O. T.

Sunnabu

Året som gjekk må seiast å ha rusla avstad på tradisjonelt vis på Sunnabu. Taksteinen som me fekk av "Fjellhytten" i 1971 er endeleg komen trygt på plass på gamleheimen. Flaggstanga, ny og rakryggja viser sitt rette andlet på mønet, det kan me takka Drangeguten for.

12 par koppar blomstrar på bordet. Kaffitraktar med ekte mokka kaffi ruvar på kjøkkenet. Karneval, Sunnabu-renn, Nyttårsball, i god gamal stil, ka meir kann me ynskja oss!

Hytta vår står der - Bruk henne! Hjarteleg takk for innsatsen.

Styret i år har vore: Kristi Skår Holm, Asbjørn Tjugen, Frode Heie, Oddvar Drange og Magne Ro. Sistnemnde var formann.

Hyttestyret

Gubbelaget

Gubbelaget hàr for da meste sove i året som rann bort. Me er så gamle at me treng å sova mykje.

Men sjølv om me er gamle - er me leseføre enno. Me granskar SUNNANVIND nøye for å fylgja med korleis da går med gode gamle SUNNHORDLENDINGEN. Der les me oss til at laget skulle høgtide 60-års jubileum i mars -79. Sjølv om me alle er så gamle at me var med då laget vart skipa i 1919 - har me gløymt ut da.

I SUNNANVIND les me og at 2 av gubbane: Kjell Matre og Willy Mjånes hadde fått koma med i jubileumsnemnda. (Dei er no ikkje skikkelege gubbar enno - dei er for raske og friske til da.) Desse 2 har så mast på oss andre gubbane for at me skulle koma saman for å pønske ut noko gubbeprogram til jubileumsmøtet i mars.

Og da har me gjort. Me har hatt 3 møte. Først var me sjå Hjalmaren - men då var me så fegne for å sjå kvarande att - atte me ikkje fekk tid til å drøfta da me skulle snakka om - og så fekk me så mykje god mat hjå Margreta at me gav gubben i heile gubbaprogrammet - og meiska oss både vel å lengje - itte så dei seie dei som hugsa noko atte tå da.

Så hadde me eit møte hjå Olaguten - men då var da ingen som kom til orde. Verten masa heile tida: om filmar og lydband om

Island og sakjo og bokjo. Han tok forresten opp heile møtet på lydband - da ska vetta godt stoff til 100-års-skriftet i 2019 - sa han. Sjå han fekk me ikkje mat - me måtte ha niste med oss - han fekk smake sjå oss han o.

Så hadde me møte sjå Sebjørn - og då heldt me på å få til noko konkret om da me skulle snakka om - men så vatt me så uenige om eit eller anna - som me no har gløymt - men me har ikkje gløymt å vere uvennerfor da me var uenige om. Sissel gav oss så mykje mat atte ho fekk oss til å tenkja på andre ting - så me fauk ikkje i tottane på kvarandre akuratt.

Så i skrivande stund er ingen ting avklåra om gubbane sitt programinnslag i mars. Men ver ikkje trygg - me slår nok til med eit eller anna på jubileumsmøtet - berre da ikkje vette tå atte me slår te kvarandre då. Da går rykte om atte da skal skipast eit møte snarast - der me skal drøfte sakjo. Da er Olaguten som held på å by inn til gubbelag - han bed alle heim til Lars Bruntveit - alle har fått melding om da - berre ikkje Lars'en. SÅ DA STÅR TE LIV I GUBBELAGET O.

I styret: Olav Fjæra, Hjalmar Tvedt og Kjell Matre.

O. F.

Skyttarlaget

Det har i år vore ei lita utvikling i skyttarlaget. Me har prøvd oss med innendørs miniatyrskyting. 7 skyttarar deltok, 3 aktive og 4 ikkje-aktive, som var ein felles klasse for damer og herrar.

Olav Bjørgen vann klasse aktive med 269 p.
Thor Økland vann klasse ikkje-aktive med 220 p.

Skyting om Sunnabukruset vart halden på Stend den 7/10. Oddvar Drange fekk sin andre aksje i vandrepokalen med resultata 187 p. Brit Bjørgen vann kl. 100 m. salonggevær med 139 p. Det deltok i alt 9 skyttarar. Me stilte ikkje lag til Bygdelagsskytinga i år.

I styret: Olav Bjørgen, Oddvar Drange og Samson Bakke.

O. B.

Spellaget

Spellaget har i år kome seg opp or dvalen. På lagsmøtet 25/5 var det premiere på spelstykket "På heimefronten" av Jimmy Næs. På haustfesten viste me to gamle sketsjar. Elles har me hatt øvingar i haust med sikte på revy-turnering til våren.

I styret har vore: Olav Fjæra, Audun Otteren, Jimmy Næs, Frode Heie, Magnhild Arholm og Bente Wangen.

M. V.

Rådet

Hjalmar Tvedt, Sebjørn Frøkedal, Petter Ersvær, Per Ivarsøy og Ole Sæbø.

Ettersynsnemnda

Kjell Matre og Sebjørn Frøkedal.

Utsendingar til Bygdelagsnemndi

Margot Våge, Geir Henning Matre og Kari Aarbakke (varamann).

BERGEN BANK

N O T A T E R :

N O T A T E R :

...gjennom sparing får du lånerett

Kom inn og la oss bli kjent...



VESTLANDSBANKEN

Bergen - Fjærland - Florø - Frekhaug - Høyanger - Indre Arna - Isdalstø - Kinsarvik - Kleppestø - Lofthus - Lonevåg - Nå - Os - Oslo - Sogndal - Stord - Vadheim - Ytre Arna - Øvre Eidfjord

A.s John Grieg

ÅRSMELDING for Bygdelaget SUNNHORDLENDINGEN 1979



B Y G D E L A G E T S U N N H O R D L E N D I N G E N

Bygdelaget Sunnhordlendingen vart skipa i 1919. I føremålsparagrafen står det at laget vårt skal:

a) Fremja kjennskap og vennskap mellom sunnhordlendingar som bur i eller ikring Bergen.

b) Arbeide for å spreie opplysning om den rike kultur- og sogetradisjonen i sunnhordlandsbygdene.

c) Vere til hjelp med råd og rettleiing for unge sunnhordlendingar som kjem til Bergen.

Sunnhordlendingen har lagsmøte annakvar torsdag. På desse møtene freistar me å få med både skjemt og alvor. Ofte har me vitjing av ein føredragshaldar, men me satsar og på at lagsmedlemene sjølve skal stå for aktivitetane. Ellers har folkedansen stor plass i lagsarbeidet og laget skipar regelmessig til kurs i ulike dansar.

Dei torsdagane det ikkje er lagsmøte har leikarringen øving. Der prøver me oss med både lette og vanskelege dansar, så det er ikkje keisamt for hverken nybyrjarar eller dei som er lengre komne. Frå i haust har leikarringen vår hatt øving saman med Fylkesleikaringen kvar tysdag.

I skodespelargruppa kan dei som har interesse for amatørteater få utfalda seg. Me brukar å vise stykka på tilskipingar laget har og det hender og me reiser omkring i sunnhordlangsbygdene med dei.

Så har me hytte på Kvamskogen, SUNNABU. Der er det plass til 30 stykke, og det er ikkje få helgar, både sumar og vinter, der er fullt hus og stor stemning.

Me har og eige lagsblad. Dette freistar me få ut føre kvar lagskveld. Her vert alle tilskipingane utlyste, fellesturar til hytta gjort kjende og medlemmene vert underretta om kva som elles skjer i laget. Lesarbrev og diskusjonar om lagsarbeid er og å finna i bladet.

Me har desse særlaga: Leikarring, Spellag, Skyttarlag, Hyttegjeng, Bladstyre og Gubbelag.

L/L
Sunnhordland Kraftlag

ÅRSMELDING 1979

Ein god del av aktiviteten i laget har i år vore inspirert av at laget fylte 60 år den 22. mars. Jubileumskomitéen fekk i stand jubileumsutlodning, jubileumsmøte og jubileumsfest. Spellaget reiste på turné i Sunnhordland i vår. Og i haust fekk me det nye festskriftet for laget, "Bokjo", med lagssoge og mykje kulturstoff frå Sunnhordland. Denne vakre boka har hausta stor fagnad.

Ellers har me i år hatt 12 lagsmøter og delteke i eit lagsmøte på Stend med Fana Ungdomslag, og krinslagsmøte i Bergen krins av HU i Gimle. Medlemstalet, 70, er omlag det same som i fjor.

Arbeidet i laget har mange gonger vore tungt, det har ikkje alltid vore den store susen og inspirasjonen. Men det er å vona at mange nok ser si oppgåve i laget, slik at arbeidet kan verta drive på ein hugnadssam måte i framtida. Prinsipielt har laget eit miljø der mange skulle kunna finna "Ein stad å vera". Me må ta godt vare på det!

Spelemenn har vore Helland, Eide og Lønning.

I jubileumskomitéen har vore:

Willy Mjånes (formann), Carsten Helgesen, Kjell Matre, Jimmy Næs og underteikna.

Redaktørar for festskriftet har vore Olav Fjæra og Sigmund Myklevoll.

Desse har vore med i styret:

Margot Våge (formann)
Jimmy Næs (nestformann til 01.10.)
Lars-Johan Lysen (styremedlem til 01.10 og nestformann fra 01.10)
Harald Aarbakke (kassastyrar)
Bente Mikalsen (skrivar)
Magne Ro (varamann til 01.10. og styremedlem frå 01.10.)
Arvid Holm (varamann frå 01.10.)

TAKK TIL ALLE FOR DET DE HAR YTT TIL LAGET I ÅR!

Margot Våge

STORD ELEKTRO A/S
AKERGRUPPEN
5410 Sagvåg

BERGEN BANK
for fremtiden

MØTE - DANS - FEST

18.01. Lagsmøte i Fensal

Me fekk på dette møtet smaksprøvar på revyen vår som var under innøving.
Etter mat og kaffi dansa me til musikk v/Helland og Eide.
Det var ca. 20 frammøtte.

BM

08.02. Lagsmøte i Fensal

Sigmund Myklevoll viste lysbilete frå Vietnam. Me fekk mat og kaffi og dansa til musikk v/Helland og Eide.
Det var ca. 20 frammøtte.

BM

09.03. Jubileumsutlodning i Fensal (Storsalen)

Omlag 60 lemer og ikkje-lemer var møtt fram til jubileums-utlodningen i Fensal. Gruppa FENRING underheldt med viser, m.a. med tekstar av Askøy-lyrikaren Olav Lavik. Gruppa spela óg til dans. Loddsalet gjekk strykande og likeeins salet av kaffi og vaflar. Det var óg trekning i hovudlotteriet.
Ein vellukka kveld.

BM

22.03. Jubileumslagsmøte i Fensal (Storsalen)

Møtet var leia av Anders Kåre Engevik og me fekk presentert programinnslag med mellom anna Hjalmar Tvedt som representerte Gubbelaget, Kjell Matre som synte film frå hytta og Jimmy Næs som song viser og spela gitar. Vidare framførte Bente og Rolf Mjøs Sunnhordlandsspringaren til akkompagnement av Olav Helland. Lars Johan Lysen framførte sketsjen "Bergens-meieriet". Olav Helland fekk blomar med takk for mangeårig speling og me fekk servert kaker og kaffi. Etterpå vart det spela opp til dans av Olav Helland, Steffen Eide og Torstein Lønning. Det var ca. 40 frammøtte.

BM

24.03. Jubileumsfest i Aulaen på Bergen Lærerhøgskole

Ca. 250 festkledde menneske fylte salen. Festen var leia på ein framifrå måte av Willy Mjånes, og programinnslaga fylgde slag i slag. Signe Bakke spela Grieg-musikk på flygelet, Stanley Jacobsen - tidlegare medlem i laget - var i storform og framførte eigne og andre viser med festlege kommentarer innimellom. Festtaler var Ingvar Moe - ein ikkje ukjend Sunnhordlandsdiktar - Han gav eit framifrå kåseri om Sunnhord-lendingen ut frå læresetningen - Ha alltid dårleg samvit - eit eller anna gale har du sikkert gjort. Firda- og Sygnakoret song, Samuel Arholm las sin eigen prolog og Else Erstad pre-senterte Fartein Valen i ord og tonar. Olav Fjæra presenterte 12 Sunnhordlandsdiktarar. Helsingar og gåver til laget vart framført av fylkesordførar Ole Dramdal frå Hordaland Fylke,

Jubileumsfesten - forts.

varaordførar Ole Robbestad frå Sunnhordlandsheradi, Olav Straume Torpe frå Hordaland Ungdomslag, Anna Festervoll frå Bygdelagsnemdi i Bergen, Knut Ove Gjersvik representerte 8 ungdomslag i Sunnhordland og Lars Låte frå Fana Ungdomslag. Blomehelsing frå Firda- og Sygnakoret. Formannen Margot Våge takka alle for helsingane og gåvene. To tidlegare formenn i laget - Ole Sæbø og Hjalmar Tvedt - vart begge heidra med gåver og det vart òg tid til ein svingom til fin musikk.

BM

05.04. Lagsmøte i Fensal

Program v/Hordaland Folkeakademi - Åse Festervoll og Solgunn Fjellanger med programmet "Dropleregn i visens verden". Varierande og godt program med spennvidde frå stev/folkeviser om Taube/Bellmann til Beatles. Det var ca. 20 frammøtte. Dansen gjekk likevel lystig til musikk v/Helland/Eide/Lønning. Det vart servert kaffi og rundstykker og denne gongen blei det òg servert mjølk, noko som syntes å vera populært.

BM

26.04. Lagsmøte i Fensal

Møteleiar var Lars Sigurd Valvatne. Leikarringen skulle stå for programmet og hadde innbydd Bergen Internasjonale Folkedansklubb. Ca. 10 medlemmer frå klubben møtte og lærte oss nokre ringdansar frå framande land. Seinare vart det veksling mellom internasjonale og norske rytmar. Kaffi og rundstykker vart servert og det var premieutdeling for Sunnaburennet. Lars Olav Tveita stod for utdelinga. Ca. 20 medlemmer var møtt fram.

BM

10.05. Lagsmøte saman med Fana Ungdomslag på Stend

Denne gongen tok me turen til Hordamuséet på Stend for å ha lagsmøte saman med Fana Ungdomslag. Totalt var det 14 Sunnhordlendingar som stilte, men Fana Ungdomslag var ikkje fullt så "vårslappe", så det vart bra frammøte. Vi som møtte hadde ein koseleg kveld. Av program var det opplesing, visesong v/Jimmy Næs samt konkurranse for å testa vårt kunnskapsnivå. Me fekk servert kaffi, rundstykker og wienerbrød og dansen gjekk lystig til musikk v/Helland og Eide.

BM

31.05. Lagsmøte i Fensal

Siste lagsmøtet før ferien. Sunnfjordlaget vitja oss. Dei synte ein sketsj og Halvard song viser. Anna Festervoll las dikt. Vidare var det visesong v/visegruppa frå Ølve. Me fekk servert kaffi og rundstykker og etterpå spela Helland til dansen. Det var ca. 36 frammøtte.

BM

06.09. Lagsmøte i Fensal

Møtet vart leia av Margot Våge og det var ca. 37 frammøtte. Me fekk servert heimebakte rundstykker og kaker og Lars Johan Lysen viste lysbileter om laget sine aktivitetar i jubileumsåret fram til ferien. Bakgrunnsmusikken var tatt opp av Jimmy Næs. Etter programmet vart det dans til musikk v/Helland og Eide.

BM

20.09. Lagsmøte i Fensal

På dette lagsmøtet vart "Bokjo" utdelt til dei ca. 35 frammøtte. Me fekk servert rundstykker og kaffi som vanleg, og Per Ivarsøy fortalde om skiparen av laget, Bjarne Sørfonden. Ole Sæbø orienterte om samanslåinga av Søndhordlandslaget og Sunnhordlandslaget og overgangen til Sunnhordlendingen samt ein del om målstriden. Knut Brattebø fortalde om si tid som formann - om tida etter krigen - og Petter Ersvær fortalde om kjøpet av "Sunnabu" og om livet der. Sigmund Myklevoll orienterte om samarbeidet med Olav Fjæra i redaksjonen av "Bokjo" og litt om si tid i Sunnhordlendingen. Olav Fjæra synte lysbileter frå Rullestadjuvet. Jimmy Næs vart overrekt ei lita avskjedsgåve med takk for godt samarbeid i styret når han no reiser til Etne. Etterpå var det dans. Margot Våge leia møtet.

BM

04.10. Lagsmøte i Fensal

Program v/Hordaland Folkeakademi - Visesong og gitarspel ved Knut Inge Røen - Ca. 25 frammøtte. Mat og kaffi vart servert og dans ved musikk av Helland og Eide.
Margot Våge leia møtet.

BM

18.10. Lagsmøte i Fensal

Program om stoffmisbruk. Distriktssosialsjef Ingebrigtsen vitja oss med lysbileteserie frå Statens Edruskapsdirektorat "Min venn Monica" og orienterte om stoffmisbruk. Lars Johan Lysen leia den påfylgjande diskusjonen. Me fekk servert rundstykker og kaffi og svinga oss i dansen etterpå. Det var ca. 20 frammøtte.

BM

20.10. Haustfest i Fensal (Storsalen)

Me var ca. 60 samla til fest og me hadde ein gild kveld. Festen vart leia av Anne-Sofie Totland og Nils Lyngnes fekk oss i stemning som talar. Fårikålen glei ned på høgkant og likeeins kakene me fekk servert seinare på kvelden. Gubbana Petter Ersvær og Hjalmar Tvedt utfolda seg på scenen. Det var full fart på dansegolvet der Steffen Eide og Torstein Lønning spela.

BM

01.11. Lagsmøte i Fensal

Vitjing av Vestlandske Teaterlag med Ibsen program v/Agnethe Haaland, Ellen Williams og Arild Steindal. Dei viste utsnitt frå Peer Gynt, Brand, Vilanden, Kongsemnene, Lille Eyolf og Gjengangerne. Vellukka program, men diverre altfor få møtte fram. Seinare på kvelden kom ca. 20 deltakarar frå polskurset oppom og då vart det dansa for fullt. Valnemdi for 1980 vart godkjend. Margot Våge leia møtet.

BM

15.11. Lagsmøte i Fensal

Program ved Steffen Eide. Han kveda og song viser. Me fekk servert mat og kaffi og Hans Heie leia ein konkurranse. Etterpå var det dans til musikk y/Helland og Eide. Margot Våge leia møtet.

BM

28.11. Krinslagsmøte i Gimle

Alle laga i Bergen Krins av Hordaland Ungdomslag var innbodne til krinslagsmøte. Me stilte med ein bra delegasjon. Det var fylgjande programinnslag: Visegruppe frå BUL, film om Sunnhordlands natur og folkeliv blei vist og Lars Låte, nytilsett lagsrettleiar i HU, orienterte og innleia til debatt. Me fekk servert mat og kaffi og til slutt vart det leik og dans.

BM

13.12. Julemøte i Fensal

Møtet vart leie av Magne Ro. På tradisjonell vis fekk me servert julegraut med mandel. Willy Mjånes las novelle av Ragnvald Vaage. Anne-Sofie Totland akompagnerte og leia allsangen og Lars Johan Lysen hadde laga til ein konkurranse. Det var ca. 30 frammøtte.

BM

REKNESKAP FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN FOR 1979

Resultatkonto pr. 31.12.79

1.	Mat & drikke	kr	622,19	
2.	Musikk & underhaldning	kr	3 725,00	
3.	Husleige	kr	3 242,00	
4.	Lagsutgifter	kr	1 678,45	
5.	Trykking årsmelding 1978	kr	445,00	
6.	Ymse kontingentar	kr	400,00	
7.	Lysingar	kr	1 405,55	
8.	Trykking "SUNNANVIND"	kr	193,00	
9.	Gåver	kr	563,50	
10.	Reisetilskot utsending H.U.	kr	490,00	
11.	Utsending årsmøtet NU	kr	175,00	
12.	Straumutgifter 1973/78	kr	1 161,19	
13.	Kommunale avgifter	kr	712,40	
14.	Underskot haustfest	kr	324,30	
15.	Gevinstar "MARKNAD 80"	kr	228,10	
16.	Disponert jubileumsgåve	kr	686,70	
17.	Medlemspengar overført NU	kr	2 125,00	
18.	Loddsal			kr 716,10
19.	Inngongspengar			kr 3 545,00
20.	Jubileumsskrift (ikkje ovf.)			kr 900,00
21.	Stønad Bergen Kommune			kr 2 000,00
22.	Overskot revy			kr 2 161,90
23.	Lysingar Årsmelding 1978			kr 700,00
24.	Lysingar Årsmelding 1979			kr 200,00
25.	Dugnad Haukeland Sykehus 1978			kr 2 200,00
26.	Jubileumsgåve			kr 2 200,00
27.	Medlemspengar			kr 4 140,00
28.	Abonnement "SUNNANVIND"			kr 75,00
29.	"BINGO"			kr 1 907,10
30.	Overskot jubileum			kr 775,15
31.	Avsett til 2. band bygdebok Kvinnh.			kr 100,00
32.	Renter			kr 645,66
33.	Overskot	kr	4 088,53	
		kr	22 265,91	kr 22 265,91

Eiga pr. 31.12.79

1.	Kontanter	kr	856,04
2.	Bankinnskot	kr	2 964,03
3.	Postgiro	kr	1 009,15
4.	Lagsfond	kr	127,71
5.	2 luter i L/L Bygdeh.	kr	2 000,00
6.	Fane	kr	1 500,00
7.	Målarstykke	kr	500,00
8.	Varmeomn	kr	100,00
9.	Skrivemaskin	kr	200,00
		kr	9 256,93

Bergen: 31.12.79
14.01.80

Harald Aarbakke
kassastyrar

Bergen: 31.01.80

Ettersett: Kjell Matre
Sebj. Frøkedal

REKNESKAP FOR "SUNNABU"

Resultatkonto pr. 31.12.1979

Brensel og straum	2.231,00	
Vedlikahald, drift m.m.	849,20	
Pokalar, renn/skyting	537,95	
Forsikring og avgifter	618,00	
Overskudd	482,06	
Overnattingar, utleige		3.492,00
Straumautomaten		874,00
Renteinntekter		114,71
Andre inntekter		237,50
	4.718,21	4.718,21

Balanse pr. 31.12.1979

'Hytta	38.000,00	
Kassa pr. 31.12.79	360,25	
Bank pr. 31.12.79	2.426,95	
Eigenkapital		38.000,00
Kassa pr. 01.01.79		598,90
Bank pr. 01.01.79		1.706,24
Overskot drift		482,06
	40.787,20	40.787,20

Bente Mikalsen
kassastyrar

- - - - - - -

REKNESKAP FOR LEIKARRINGEN

Resultatkonto pr. 01.01.80

Bank pr. 01.01.79	kr 1 425,11	
Inntekter fra kurs	kr 7 280,00	
Renter 1979	kr 116,82	
Instruksjon kurs + leikarring		kr 2 012,50
Musikk kurs + leikarring		kr 2 362,50
Husleie kurs + leikarring		kr 3 572,50
Annonser kurs		kr 630,40
Bank pr. 01.01.80		kr 244,03
	kr 8 821,93	kr 8 821,93

23.01.80

Carsten Helgesen
kasserar

REKNESKAP FOR 60-ÅRS-GILDET 1979

Utgifter:

1.	Annonser	kr 1 215,85	
2.	Diverse	kr 1 637,25	
3.	Mat/drikke	kr 16 909,75	
4.	Personale	kr 3 513,50	
5.	Husleige	kr 220,00	

Inntekter:

6.	Utlodning		kr 11 253,30
7.	Inngongspengar		kr 11 165,00
8.	Brussalg		kr 653,20
9.	Dugnadsarbeid		kr 1 200,00
10.	Overskot	kr 775,15	
		kr 24 271,50	kr 24 271,50

Bergen, 31.12.79

Carsten Helgesen
(kassastyrar)

ÅRSMELDING FRÅ SÆRLAGA OG ANDRE TILTAK 1979

Leikarringen

Kurs:

Om våren starta vi med å arrangera kurs i Vestlandsspringar. Kurset gjekk over 6 kveldar, og 40 møtte fram. Hermann Olsen leia kurset og Magnar Norli sytte for musikk. Vi hadde og eit helgakurs i Sunnhordlandsspringar i januar, der vi var 14 deltakarar. Instruktørar var Bente og Rolf Mjøs, og spelemann var Olav Helland.

Om hausten vart det arrangert kurs i pols. 41 møtte fram. Ivar Skjelvan leia kurset, og Magnus Skauge spela.

Økonomisk har kursa gått med små overskot.

Leikarringen:

Starten for leikarringen var ikkje bra i vår. Den faste instruktøren gjennom fleire år, Ingebrigt Fløtnes, slutta og oppmøtet var svært labert.

Etter forslag frå Fylkesleikarringen, som var i same situasjonen, gjekk dei to leikarringane saman om felles leikøving. Leikøvinga vart då frå hausten av flytta til klubbromma i Studentsenteret. Medan me om våren hadde øving annakvar torsdag, har me no i haust hatt øving kvar tysdag, i alt 18 øvingar.

Den nye instruktøren er frå Årdal og heiter Hilde Bjørkum. Olav Helland spela dei gongene det var leikøving i vår. I haust er det for det meste Magnar Norli som har spela, medan Olav Helland og Magnus Skauge har spela nokre gonger kvar.

Samarbeidet mellom dei to laga har fungert bra, og det er avgjort at det skal fortsetja også i vår. Eit ynskje for 1980 må vera at fleire kjem på øvingane.

Vi har dansa på Attføringsinstituttet ein gong i haust for Sosialgruppa i Bygdelagsnemndi.

Den økonomiske stoda til leikarringen er svært svak. Grunnen til dette er at inntektene frå kurs har svikta heilt, og dei siste kursa har berre gjeve små inntekter. Styret har derfor kome til at ein må satse på heilt andre inntektskjelder som t.d. dugnad, dersom leikarringen framleis skal klara seg sjøv økonomisk.

I styret: Kari Berge, Carsten Helgesen, Ottar Hunnes og Lars Sigurd Valvatne (sistnemnde berre om våren).

O. H.

Sunnanvind

I jubileumsåret 1979 har det i alt vore gjeve ut 15 nummer av Sunnanvind, av desse har det sitjande bladstyret redigert 11.

Mange nummer har vore fyldige, mange magre. Lite innlegg har me fått og me har difor måtta suga mesteparten av stoffet or eige bryst. Dagsformen har så vorte avgjerande for stoffmengde.

Me har freista å koma ut med eit nummer i god tid føre kvart lagsmøte. Kvar måndag har me halde møte i bladstyret, med "dauline" for stoff måndag 1,5 veke føre lagsmøtet. Dette på grunn av lang trykkingstid. Særleg viktig stoff har likevel vore levert direkte til skrivaren om tysdagen.

Skrivar har for dei fleste blada vore Kristi Skår Hom. Takk Kristi, for at du har tyda mange kråketær i året som gjekk!

Elles har desse vore med i bladnemnda i 1979:

Atle Tornes (red.)
Hans Heie
Per Kristian Ulveraker
Linda Bjørklund - til sommarferien
Lars Sigurd Valvatne (redaksjonsbod) - til sommarferien
Per Aga (i militærteneste)

På grunn av at Lars Sigurd drog til Oslo i haust har me vore utan redaksjonsbod. Dette har medført STORE problem, som ikkje vart mindre då trykkeriet ved Fritidsseksjonen flytta til Bjørnsonsgate. Det er viktig for eit eventuelt nytt bladstyre at dei får med seg ein eller annan som har høve til å tråva rundt i byen i arbeidstida.

Elles har me rekna oss fram til at me (bladet) har kosta laget om lag 1 700 kroner i året som gjekk.

A. T.

Sunnabu

Lagshytta på Kvamskogen ligg framleis lunt og trygt mellom graner og bjørker, som forresten har vakse godt dei 19 åra hytta har vore utferdsstaden vår. Denne "skogen vår" skjermer godt mot den aukande ferdsla på Mødalsveien. Dei som kjøpte eigedomen i 1961, var både framsynte og heldige, og vå må ta vel vare på denne idyllen.

Når vi kjem fram, og bøyer til sides greinene i denne "skogen vår", finn vi hytta nymåla og fin som aldri før! Ja, ja, eit lite atterhald må vi taka, for i den eine godversheiga i sommar nådde vi berre over dei mest målingslitne sidene. Inne har vi ikkje hatt noko storarbeid dette året, men i kosekroken fell augo straks på noko nytt. Det er eit vakkert åkle som laget fekk frå dei andre bygdelaga i høve 60-årshøgtida.

Den sure sommaren får ta skulda for at ein del hyttearbeid er

utsett til neste år. Dette gjeld mellom anna å få bukt med ein mystisk lekkasje i taket.

Bruken av hytta har vore noko undet det normale. Særleg etter påske var det få som let seg lokka oppover, endå skiføret varde til over pinse. Før påske var det som vanleg både Sunnaburenn og karneval, og året gjekk ut med nyårsfest i tradisjonell stil.

Det er altså god plass på hytta. Mange veker er ledige for dei som vil feriera på Sunnabu. Ta med vener og kjenningar, og kom til fjells!

Desse har vore med i hyttestyret i 1979: Gunnbjørg Skålevik, Bente Mikalsen, Oddvar Drange, Geir Henning Matre, Frode Heie og Lars Olav Tveita. Dei to sistnmende har fungert som formenn i første og andre halvår.

Hyttestyret

Skyttarlaget

Skyttarlaget opna sesongen med miniatyrskyting på Hop skule den 08.05.79. Der møtte 3 skyttarar - ingen aktive. Dei skaut 10 skudd i kvar stilling - vinnar Magne Ro med 203 poeng.

Skytinga om Sunnabukruset vart vunnen av Oddvar Drange den 30.09. Han fekk sitt 3. napp i kruset med poengsummen 184, og fekk det derved til odel og eige. Det var 3 deltakarar.

Same antall damer deltok på 100 meter med salonggevær - jevn og god skyting. Anne Sofie Totland vann med 128 poeng.

Det vart ikkje arrangert Bygdelagsskyting i år.

O. Bjørgen

Spellaget

Spellaget vakna til liv i jubileumsåret, og me tok til å øva inn revyen "Da står te liv". Fundamentet for denne var nokre små spelstykke me hadde skrive sjølve og visene til Jimmy Næs, med sistnemnde som stjerne let me da stå te. Premieren i Omvikedalen hjå Haugsbakk & Co. gjekk godt, me fekk mykje fagning og Jimmy vart svært godt motteken. "Heidundrande revyskuksess for Bygdelaget Sunnhordlendingen", skreiv bladet SUNNHORDLAND etterpå.

Og så var det alle dei andre bygdene sin tur: Våge - Tysnes, Haugsgjerdet, Etne, Auklandshamn, Rommetveit, Skånevik og Fjæra. I Fjæra var det fotballkamp mellom Sunnhordlendingen og Fjæra og Rullestad idrottslag, med siger til heimelaget 10-8.

Dei som har vore aktivt med i spellaget denne sesongen er: Magnhild Arholm, Ottar Hunnes, Margot Våge, Kari Berge, Lars Johan Lysen, Per Aga, Carsten Helgesen, Arvid Holm, Jimmy Næs og Olav Fjæra.

O.F.

Gubbelaget

Gubbelaget har i året hatt 2 møter. Møtene har vore heime privat hos medlemer. Gubbane har ikkje hatt noko eige program i laget i år, men ein del av oss har teke del i jubileumshøgtidi, både på jubileumsmøte og festen. Vi har og vore med i arbeidet med "Bokjo". Tilslutnaden til Gubbelaget har ikkje vore så stor som me ynskjer det, men det syner seg at dei fleste er svært oppteken på andre felt, og det er vanskeleg å finna kveldar som passar alle. Vi vonar at dette vil retta på seg frametter.

Hjalmar Tvedt
formann

Rådet

Sebjørn Frøkedal, Petter Ersvær, Per Ivarsøy, Ole Sæbø og Hjalmar Tvedt.

Ettersynsnemnda

Kjell Matre og Sebjørn Frøkedal.

Utsendingar til Bygdelagsnemndi

Margot Våge, Jimmy Næs og Kari Aarbakke (varamann).

STORT UTVAL AV BUSKER
OG TRE TIL HAGEN

Be om katalog og prisliste. Planter sendes. Sal frå planteskulen.

Sunnhordland Planteskule
JOHS. HELLAND - TELEFONER: (047) 71 127 - 71 134
5534 VALEVÅG

Fitjar Sparebank
5419 Fitjar
tlf. 054-17107

BOSPARING
m/LANGLÅN



Bosparetilbud med
avdragstid opptil
30 år

FANA SPAREBANK
Stor nok for de fleste

BergensMeieriet

5032 Minde, Minde Allé



BERGENS SPAREBANK

En bank av godt merke

N O T A T E R :

N O T A T E R :

N O T A T E R :

...gjennom sparing får du lånerett

Kom inn og la oss bli kjent...



VESTLANDSBANKEN

Bergen - Fjærland - Florø - Frekhaug - Høyanger - Indre Arna - Isdalstø - Kinsarvik - Kleppestø - Lofthus - Lonevåg - Nå - Os - Oslo - Sogndal - Stord - Vadheim - Ytre Arna - Øvre Eidfjord

A.s John Grieg